

Bergens Tidende, Oslo-kontoret
Vidar Ystad
Akersgata 55
0180 OSLO

2009/116

08.01.2010

SAK OM INNSYN I NOTAT FRÅ REGJERINGSADVOKATEN TIL OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET

Eg viser til tidlegare brevbyte i denne saka, sist brev herifrå 2. juni 2009.

I brev 13. januar 2009 klaga du på Olje- og energidepartementet (OED) sitt vedtak 12. januar 2009, der du vart nekta innsyn i dokument 08/03933-5. Dokumentet er ei juridisk vurdering frå Regjeringsadvokaten knytta til eit tilsetjingsforhold i departementet. Som du er kjend med, fekk ombodsmannen dokumentet frå OED 18. desember 2009 etter at saka om ombodsmannen si særskilte melding, Dok 4:2 (2008-2009), hadde vore handsama i kontroll- og konstitusjonsnemnda i Stortinget, sjå Innst. 121 S (2009-2010).

Dokumentet har no blitt gjennomgått med sikte på å vurdere om det er grunn til å gå vidare med saka.

I offentleglova 19. mai 2006 nr. 16 § 15 fyrste og anna ledd heiter det:

«Når det er nødvendig for å sikre forsvarlege interne avgjerdsprosessar, kan organet gjere unntak frå innsyn for dokument som organet har innhenta frå eit underordna organ til bruk i den interne saksførebuinga si.

Det kan vidare gjerast unntak for delar av dokument som inneheld råd om og vurderingar av korleis eit organ bør stille seg i ei sak, og som organet har innhenta til bruk for den interne saksførebuinga si, når det er påkravd av omsyn til ei forsvarleg ivaretaking av det offentlege sine interesser i saka.»

Vidare er og «[o]pplysningar som er underlagt teieplikt i lov eller medhald av lov» unnatekne frå innsyn, sjå offentleglova § 13, jf. forvaltningslova § 13 fyrste ledd nr. 2.

I brev hit 3. februar 2009 grunngav departementet kvifor det etter departementet sitt syn ikkje var aktuelt å offentleggjere vurderinga frå Regjeringsadvokaten. Du har tidlegare

motteke dette brevet, men av omsyn til god orden følgjer ein ny kopi. I brevet viser departementet mellom anna til at dokumentet vart innhenta frå eit organ som skal reknast som underordna organ og at dokumentet gjeld ein intern avgjerdsprosess. Departementet meiner og at dokumentet inneheld opplysningar som er underlagde teieplikt. Vidare har departementet vurdert spørsmålet om meirinnsyn, jf. offentleglova § 11.

Etter ei gjennomgang av dokumentet og departementet si grunngeving, må det leggjast til grunn at departementet har heimel i offentleglova for å halde dokumentet attende frå offentlegheita. Om eit dokument likevel skal gjerast kjent, avhenger av vurderingar som ombodsmannen berre i avgrensa grad kan overprøve. Ombodsmannen kan berre kritisere slike skjønsvise avgjerder der det er lagt vekt på utanforliggjande eller usaklege omsyn, eller avgjerda er «klart urimelig», jf. ombodsmannslova § 10 andre ledd. Etter gjennomgangen av saka er det ikkje haldepunkt for at ytterlegare undersøkingar vil kunne føre til slike karakteristikkar av departementet si vurdering av meirinnsynspørsmålet. Det er heller ikkje grunnlag for å uttrykke tvil om det faktiske eller rettslege grunnlaget for denne vurderinga, jf. ombodsmannslova § 10 andre leddet siste punktum.

Handsaminga av klaga frå Bergens Tidende er etter dette avslutta frå mi side.

Arne Fliflet

Kopi: Olje- og energidepartementet
Stortinget